




SÆRUTSKRIFT

KOPI



Arkivsak 201007662
Arkivnr. 370
Sakshandsamar Døskeland, Inge

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	28.11.11	244/11

HØRING RAPPORT FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENTET. "TURISTFISKE I SJØ - VURDERING AV MULIGE FORVALTNINGSTILTAK OVERFOR NÆRINGSVIRKSOMHET BASERT PÅ TURISTFISKE I SJØ"

Fylkesutvalet 28.11.11

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK (29.11.2011)

1. Fisketurisme vert eit stadig viktigare reiselivsprodukt i Hordaland. Fylkeskommunen er positiv til at det vert utvikla verktoy og retningsliner som sikrar at fiskeriet er bærekraftig.
2. Hordaland fylkeskommune ynskjer at det vert utarbeidd forslag til tiltak som i mindre grad fokuserer på etablering av nye register og rapportering frå turistfiskeverksemdene og i større grad fokuserer på tiltak som nyttar eksisterande regelverk og direkte bestandskartlegging.
3. Hordaland fylkeskommune er kritisk til følgjande tiltak og ynskjer at kost-nytte effekt ved eventuell innføring vert nøye vurdert på førehand:
 - registrering av turistfiskeverksemdar
 - rapportering av fangst
 - registrering av båtar
 - variabel utførselskvote
4. Hordaland fylkeskommune meiner desse forslaga i rapporten kan vere nyttige verktoy for bærekraftig turistfiske:
 - Innføre 7-dagars regel for å hindre at turistar kan ta 15 kg-kvota ut av landet kvar dag.
 - Nytt reiskapsavgrensing som verkemiddel og definere klårare kva som inngår i omgrepet "håndredskap".
 - Oppretthalde forbod mot kommersielt turistfiske frå utanlandske farty.
 - Vurdere om utførselskvota på 15 kg kan aukast mot innføring av avgift på overskytande vekt.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 1. desember 2011

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND
Mikael Benteisen

Arkivsak 201007662-3
Arkivnr. 370
Saksh. Døskeland, Inge. Rongved Dixon, Marta

Saksgang

Fylkesutvalet

Møtedato

28.11.2011 - 29.11.2011

**HØRING RAPPORT FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENTET.
"TURISTFISKE I SJØ - VURDERING AV MULIGE
FORVALTNINGSTILTAK OVERFOR NÆRINGSVIRKSOMHET BASERT
PÅ TURISTFISKE I SJØ"**

SAMANDRAG

Fiskeri- og kystdepartementet nedsette 2. september 2009 ei arbeidsgruppe for å greie ut om moglege forvaltningstiltak retta mot næringsverksemd basert på turistfiske i sjø. Forslag til tiltak har fokus på å kartlegge korleis turistfiske verker inn på fiskebestandane, foreslå tiltak for regulering og vurdere effekt for reiselivsverksemdene.


Rapporten "Turistfiske i sjø - Vurdering av mulige forvaltningstiltak overfor næringsvirksomhet basert på turistfiske i sjø", vart overlevert departementet 27. juni 2011 og vart sendt på høyring 8. september 2011.

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1 Fisketurisme vert eit stadig viktigare reiselivsprodukt i Hordaland. Fylkeskommunen er positiv til at det vert utvikla verktøy og retningsliner som sikrar at fiskeriet er bærekraftig.
- 2 Hordaland fylkeskommune ynskjer at det vert utarbeida forslag til tiltak som i mindre grad fokuserer på etablering av nye register og rapportering frå turistfiskeverksemdene og i større grad fokuserer på tiltak som nyttar eksisterande regelverk og direkte bestandskartlegging.
- 3 Hordaland fylkeskommune er kritisk til følgjande tiltak og ynskjer at kost - nytte effekt ved eventuell innføring vert nøye vurdert i forkant;
 - registrering av turistfiskeverksemdar
 - rapportering av fangst
 - registrering av båtar
 - variabel utførselskvote
- 4 Hordaland fylkeskommune meiner desse forslaga i rapporten kan vere nyttige verktøy for berekraftig turistfiske;
 - Innføre 7-dagars regel for å hindre at turistar kan ta 15 kg kvota ut av landet kvar dag
 - Nytt reiskapsavgrensing som verkemiddel og definere klårare kva som inngår i omgrepet "handredskap"
 - Oppretthalde forbod mot kommersielt turistfiske frå utanlandske farty
 - Vurdere om utførselskvota på 15 kg kan aukast mot innføring av avgift på overskytande vekt



Paul M. Nilsen
fylkesrådmann



Jan Per Styve
regionaldirektør

Vedlegg: Oversendingsbrev

Elektronisk vedlegg: Rapport – "Turistfiske i sjø - Vurdering av mulige forvaltningstiltak overfor næringsvirksomhet basert på turistfiske i sjø"

Bakgrunn

Hordaland har gode rammetilhøve for turistfiske. Fylket er eit reiselivsknutepunkt med stadig meir verdiskaping knytt til opplevingsturisme ("Gateway to the fjords") og eit natur- og kulturlandskap som kan romme fiskeriaktiviteten. Døme er mange øyer, straumar, infrastruktur i form av veger, kart med innteikna fiskeplassar og kompetente reiselivsverksemder.

For Hordaland fylke er det sentralt at fisketurisme skal være miljømessig berekraftig og samtidig ei lønsam distriktsnæring. Vekst innan turistfiske har vore stimulert både gjennom fylket sitt regionale utviklingsprogram og i Innovasjon Norge dei siste 15 åra. I fylgje forskingsstiftinga NORUT legg familiane noko meir igjen frå besøka. Vestlandet skil seg ut føre andre landsdelar ved å ha ein litt større del familiereisande fisketuristar i høve til "gutta på tur" turistar.

Det er eit mål å i større grad stimulere dei profesjonelle aktørane, og særleg i dei distrikta i fylket som har utfordring knytt til busetting og arbeidsplassar. Det er vidare eit mål å auke verdiskapinga gjennom å utvikle stadig nye produkt knytt opp mot fritidsfiske. Det kan vere aktivitetar som i mindre grad fokuserer på råvaremengde og i større grad utviklar oppleving, matkunnskap, sport, fangstkunnskap og naturkunnskap som attraksjonar. Det mengdebaserte turistfisket er kanskje der vi totalt sett har våre fortrinn i Noreg, men Hordaland har ikkje konkuransefortrinn i så måte samanlikna med fylke lengre nord. Framtidig redusert mengdefokus og profesjonalisering av aktørane er argument for at fylkesrådmannen foreslår mindre reguleringar av verksemdene og meir fokus på tradisjonell bestandskartlegging for å sikre biologisk berekraft.

Forslaga i rapporten

- Det vert føreslått obligatorisk registreringsordning for turistfiskeverksemder. Føremålet er å få god oversikt over aktørane i turistfiskenæringa som tilbyr tenester som inneberer næringsbasert uttak av fisk. Eit register over turistfiskebedrifter vil leggje betre til rette for ei velfungerande rapporteringsordning, inkludert ivaretaking av forvaltninga sitt ynskje om kontroll av at fangst blir rapportert.
- Det vert føreslått ei ordning som pålegg dei registrerte turistfiskebedriftene å rapportere fangst. Havressurslova sitt føremål er å sikre ein bærekraftig forvaltning av de villlevande marine ressursane, og rapportering av fangst frå turistfiskeverksemder er eit naturleg tiltak for å få betre kartlegging av uttaket av ressursane, og dermed eit betre grunnlag for ressursforvaltning.
- Det vert foreslått at det vert innført eit obligatorisk fartøyregister der det går fram om fartøyet skal nyttast til utleige. Eit slikt register vil gje betre oversikt over fartøymengda som vert leigd ut for fiske i sjøen og dermed gi forvaltninga informasjon som er meir direkte relatert til uttaket i sjøen enn ein verksemdsregistreringsordning. Eit fartøyregister vil i tillegg kunne være ei lekk i arbeidet for auka tryggleik og avklaring av ansvarstilhøva ved utleige av båt.
- Om det vert innført registreringsordning for turistfiskebedrifter, foreslår arbeidsgruppa at det vert innført ei enkel form for variabel utførselskvote. Dette inneberer at turistane kan ta med seg meir fisk ut av Noreg dersom fangsten er tatt i samband med opphald på ein registrert turistfiskeverksemd. Ordninga vil gje insitament til bruk av registrerte turistfiskeverksemder.
- Arbeidsgruppa foreslår vidare at dagens regel om at utførselskvoten på 15 kg fisk pr. person som gjeld pr. 24 timer vert erstatta med ein 7-dagersregel, at det vert utarbeidd

situasjonsrapporter om ressursgrunnlaget ved nyetablering av turistfiskebedrifter, at det vert gjort nærare avklaring av kva som er "handreiskap" i høve til fiskeriforbudslova § 3, og at det vert gjort nærare vurdering av om det kan fastsetast forbod mot turistfiske frå utanlandske fartøy som vert drifta i næring.

Drøfting

Fisk er ein avgrensa ressurs der vi står overfor val om på kva måte vi vil utnytte den. Fisk er ein særleg verdifull ressurs i den forstand at den kan bidra til distriktssysselsetting. Fylkesrådmannen ynskjer difor å prioritere bruk som maksimerer verdiskapingseffekten pr. kg fanga fisk. Det er sannsynleggjort at turistfiske/reiseliv vil gje større verdiskaping pr. vekteining fisk enn tradisjonelle leveransar til mottak.

Turistfisket finn i stor grad stad utanom tidsrommet der det er lettast å få større fangstar. Normalt føregår det beste fisket om vinteren og tidleg på våren i samband med gyting. Tilhøva ligg derfor godt til rette for å bruke kystfiskefartøy til turisme om sommaren. Dette kan styrke inntektsgrunnlaget for kystfiskarane.

Det er eit premiss at forvaltninga av fiskeressursen vert mest mogleg kunnskapsbasert. Det er difor ynskjeleg å skaffe kunnskapsgrunnlag som syner om, eller i kva grad, turistfiske har vesentleg effekt for bærekraft og dei ville fiskebestandane. Vi ser at dei registreringssystema som i dag vert nytta for turistfiske gjer mangelfulle instrument for kartlegging og kontroll av fiskeuttaket. Vi ynskjer difor at det vert vurdert andre metodar for kontroll av bestandane og uttaket av fiskeressursen som ikkje nødvendig vis berre er basert på rapportering frå reiselivsverksemdene. Det er og ynskjeleg å hente inn meir kunnskap om verksemdene ved til dømes vidareføring av forskingsprosjekta som har føregått i regi av Havforskningsinstituttet.

Arbeidsgrupperapporten gjer godt oversyn over utfordringar knytt til mangelfull rapportering av turistfiske, og har ei rekke forslag til tiltak. Rapporten er i midlertid ikkje tydeleg på i kva grad utfordringa er å få registrert turistfisket, redusere fisket, tryggleik for utøvarane, eller å kontrollere utstyr og verksemdar innan denne næringa. Å registrere fiskeuttaket for å fastslå om fisket er bærekraftig er prisverdig. Dette må like vel vurderast opp i mot om det er reelt behov for registreringa og kostnaden ved tiltaka. Det er ynskjeleg å avgjere om tilstanden for fiskebestandane er i direkte samvariasjon med turistfisket, at det er ei årsak - verknad etablert mellom uttak og bestand.

Kostnadene ved tiltaka er ikkje konkret vurdert slik det går fram av mandatet for gruppa. Det er kostnader knytt til dei ulike registeretableringane som er foreslått, men og i høve til rapportering og verksemdenes innteningsevne.

Noreg har eit liberalt regelverk som opnar for relativt fritt sjøfiske i samband med friluftsliv og reiseliv. Dei fleste land har ei form for lisensiering og fangstavgrensing. Noreg har utføringskvote på 15 kg (sidan 2006), og det er heller ikkje lov å selje fisken. Dermed er det i praksis snakk om fiske til matauk. Fiske i Noreg er likevel vurdert som "fritt fiske" samanlikna med andre land. Når Sverige no vurderer lisens vil Noreg etter kvart være eit av få land som ikkje har det. Dette er ei opplevd føremun som både dei større reiselivsaktørane og næringsverksemdar knytt opp mot turisme generelt dreg nytte av. I denne samanhengen er det viktig å sikre at tollmyndigheitene utfører kontroll, slik at det er reell fare for å bli tatt om utførselskvota vert overskrida.

Fylkesrådmannen ynskjer at eventuelle skadeverknader av turistfisket i større grad vert kartlagt før ein legg nytt regelverk og rapporteringspliktar på verksemdene. Vidare at kost - nytteverdi ved etablering av register og kontroll vert vurdert fortløpande.

Fylkesrådmannen ser vidare at det har vert for stor tryggleiksrisiko knytt til turistfiske og at mange liv har gått tapt under utøving av aktiviteten. Vi ynskjer at dette tilhøvet i det vidare vert tatt opp som ei eiga prioritert utfordring i tillegg til ressursspørsmålet. Tiltak kan til dømes være knytt opp mot maritimt lovverk, og ynskje om at det vert stimulert til meir etablering av charterbåtar med profesjonelt mannskap og utstyr.

Drøfting av dei enkelte forslaga til moglege forvaltningstiltak

Forslag 7.1 "Registrering av turistfiskebedrifter."

Fylkesrådmannen ser fleire utfordringar knytt til registrering av desse verksemdene ut over eksisterande bedriftsregistrering. Det er ei utfordring å definere kva som er eit turistfiskeanlegg. Nokre spesialiserte anlegg vil være opplagte, andre i ei randsoner. Døme kan vere hytteutleige der gjestane enten kan komme for å drive friluftsliv, dykke, padle etc., eller drive med fiske. Det er vidare vanskeleg å knytte turistfiskeverksemd til om verksemda driv båtutleige (til dømes utleige kano) eller om ein vurderer området som hensiktsmessig å fiske frå.

Det er eit ope spørsmål kor god samanheng som er etablert mellom mengde fisk tatt i verksemdar som skal registrerast i høve til mengde fisk tatt i fritidsfiske og meir diffus turistfiske utanom dei registrerte turistfiskeverksemdene.

Erfaring frå etablering av andre register tyder på at det ikkje er enkelt eller kostnadseffektivt for næringa. Det er særleg knytt usikkerheit til drift. Det omregulerte "småbåtregisteret" er eit døme. Det viktigaste atterhaldet er like vel som antyda at ei bedriftsregistrering ikkje vil gje kostnadseffektive svar på spørsmål om ressursuttaket.

Det vert trekt fram som positivt at registrerte verksemdar kan ha ekstra inntening knytt til at registreringa i seg sjølv skal gi betre omdøme. Det er ikkje dokumentert at denne ekstrakostnaden vert opplevd positivt for verksemdene. Eit scenario kan òg vere at høgare kostnad for dei registrerte kan vere drivar mot meir uorganisert fiske.

Forslag 7.2 "Rapportering av fangst mv.."

Det vert foreslått å opprette eit eige rapporteringssystem for fangst knytt til verksemdene. Av same grunner som tiltak 7.1 er vi i tvil om registrerte verksemdar er representative for uttaket, og dermed bør ha fangstrapporteringsplikt. Arbeidsgruppa vurderer rapporteringa som gjennomførleg, men har ikkje vurdert administrative og økonomiske konsekvensar i tilrekkeleg grad. Ein kan vidare anta at det vil skje underrapportering og verte ein god del svinn ved at turistane vel å berre rapportere fisk av ønska storleik og art.

Forslag 7.3 "Registrering av båtar."

Det vert foreslått opprette eit obligatorisk båtregister i staden for eller i tillegg til verksemdsregister. Tiltaket kan lette arbeid med kontroll av tryggleik. Fylkesrådmannen trur at tiltaket vil vere ressurskrevjande (jf. "Småbåtregisteret") både med omsyn til etablering og drift, og at det vil vere utfordrande å kontrollere og analysere informasjon frå registeret. Eit alternativt forslag er å inkludere alle kommersielle turistfiskefartøy i eksisterande skipsfartslovgiving slik at det kan rettast minimumskrav til fartøy og førar.

Forslag "7.4 Variabel utførselskvote"

Dette er et tiltak som skal stimulere verksemdar til å registrere seg ved at dei turistane som nyttar desse verksemdene får større utførselskvoter. Fylkesrådmannen ser forslaget som byråkratisk (veging, registrering, nasjonalitet etc.) og ressurskrevjande ved kvar turist sin

grensepassering. Om det ikkje vert innført forskjellsbehandling av nasjonalitet vil det òg i prinsippet bety at nordmenn som skal ta med seg fisk som ikkje er fiska i registrert turistfiskebedrift, får lågare utførselskvote. Også dette forslaget legg til grunn ei problematisk registreringsordning for fisketurismebedrifter jamfør tiltak 7.1.

Forslag ”7.5 Begrensninger i hvor mange ganger den enkelte turist kan utføre fangst.”

I dag gjeld avgrensning på at kvar turist kan ta med seg 15 kg pr. person pr. 24 timer. Det kan oppmuntre til misbruk av utførselskvota ved stadige grensepasseringar. Fylkesrådmannen meiner arbeidsgruppa sitt forslag om å auke frå 24 timer til 7 dagars regel er eit godt tiltak. Tiltaket vil for ein stor del hindre misbruk av utførselskvota ved dagleg grensekryssing, utan å ramme vanlige turistar på fiskeferie.

Forslag ”7.6 Begrensninger i adgangen til å drive turistfiskeanlegg.”

Målet med forslaget kan være at ein styrer verksemdar til geografiske område med press på fiskeressursane.

Fylkesrådmannen meiner fiskeressursane er dynamiske og i stadig endring, av både naturlege og menneskeskapte årsaker. Det er soleis utfordrande å styre rammetilhøva/lokalisering for desse verksemdene på eit så ikkje forutseieleg grunnlag. Mengda fisk treng heller ikkje være avgjerande for etablering av turistverksemdar. Suksess kan være knytt til andre opplevingar enn fiskevolum. Om eit område i ei periode har dårleg ressurstilgang ser vi det som meir teneleg å regulere turistfisket gjennom eksisterande lovverk på same måte som en gjer med andre fiskeri. Med andre ord stenge eit fiskeri eller avgrense det i tid og rom.

Forslag ”7.7 Innføring av avgifter.”

Dette forslaget er i hovudsak knytt til å pålegge avgift til registrerte turistfiskeverksemdar og gjestar. Fylkesrådmannen har merknader til registreringsordningane generelt. Likevel kan vi sjå for oss at avgift er eit verkemiddel som kan nyttast for høgare verdiskaping. Eit døme er at det kan knytast avgift for utførsel pr. kg for meir enn 15 kg kvoten.

Forslag ”7.8 Ytterligere redskaps- og utstyrsbegrensninger mv.”

I hovudsak er fritidsfiske avgrensa ved at det berre kan nyttast: ”handsnøre, fiskestang og lignende handredskaper, én maskindreven jukse eller dorg, garn med samlet lengde på inntil 210 meter, liner med inntil 300 angler og inntil 20 teiner eller ruser”. Om turisten ikkje er norsk statsborgar kan det berre nyttast handredskap.

Redskapsavgrensning har vist seg å være et godt tiltak. Fylkesrådmannen meiner at dette, saman med storleik på utførselskvota, vert viktige reguleringsmekanismer for å regulere fritidsfisket og turistfisket. Fylkesrådmannen er einig med gruppa i å definere nærare kva som ligger i omgrepet ”handredskap”.

Forslag ”7.9 Forbud mot fiske fra utenlandske fartøy ”

Fylkesrådmannen er einig i å forby kommersielt turistfiske frå utanlandske fartøy for å sikre lokal verdiskaping og for at regelverket skal vere i tråd med dei vanlige reglane for yrkesfiske.